

Statens vegvesen
Vegdirektoratet v/Eli Marita Vik Næss

Dato: 15.08.2014
Vår ref.: 2014/13527-4
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

AutoPASS-regulativ for ferjetakstar

Me syner til Statens vegvesen sitt brev av 3. april 2014 med forslag til nytt AutoPASS-regulativ for ferjetakstar. Svarfristen på høringa var sett til 4. juli d.å., men p.g.a. uheldige omstende har me ikkje kunna svara på høringa før no.

Hordaland fylkeskommune er positiv til det arbeidet som Vegdirektoratet har sett i verk for å leggja til rette for bruk av AutoPASS på ferjesamband. Dette vil kunna gje meir effektiv ferjedrift og redusera kontantomsetninga.

Fylkeskommunen har ingen vesentlege merknader til forslaget til regulativ. Me registrerar at det framleis vil vera mogleg å billettera manuelt med kontantar eller kort, noko som me er positive til. Me ser vidare at de legg opp til å vidareføra ordninga med førehandstinging på alle samband. Kor vidt dette er turvande og tenleg på trafikktinge samband med god frekvens stiller me oss spørjande til.

Hordaland fylkeskommune er i gong med eit arbeid som skal munna ut i ein ny ferjestrategi for neste anbodsrunde. I dette arbeidet vil ein m.a. sjå på kontraktsformer og billettering. I denne samanhengen vil bruk av AutoPASS bli vurdert, og i så måte er det positivt at grunnlagt for å nytta dette systemet no er i ferd med å falla på plass.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.